

Sæterdrift på Hareidlandet



Sæterdrift på Hareidlandet



Sæterdrift på Hareidlandet





MINØ.39163



Sæterdrift på Hareidlandet



Sæterdrift på Hareidlandet

Sæterdrift på Hareidlandet generelt og om Risesætra spesielt.

Sæterdrift slik ein kjenner det med kinning og ysting mv. på sætra, har det truleg ikkje vore på Hareidlandet.

Sæterdrift på Hareidlandet


Fra gammalt av har det vore slik at skulle ein få nok fôr til å kome seg gjennom vinteren med heile buskapen, måtte ein skaffe høyr der ein kunne.

Utløer eller sommarfjøsar i utmarka / på fjellet var vanleg. Der hesja ein og lagra høyet til ein kunne få det til gards på vinterføre. Då hadde ein også rom til det heime på låven.

Sauer og geiter vart sett i utmarka på beite så tidleg på våren som råd var og seinare sendt til fjells.

Etter kvart kom også kyrne ut. Fjellbeite var vanleg også for desse. Då måtte ein til fjells for å mjølke to gongar for dag.





Sæterdrift på Hareidlandet

Litt frå bygdebøkene:

Ulstein kommune

Flø - sommarfjøsar ved Brørevatnet

Ulstein – Dei fleste bruka hadde sommarfjøs på fjellet. På nordsida av Lisjevatnet vart det kring 1920 sett opp ei barakke, som dei kjøpte frå E. verket. (Brunesætra)

På Ulstein måtte dei gjete buskapet når den var i fjellet, då dei lett kunne gå seg utfor fjellet. Det var vanleg med to gjetarar. 10 bruk slo seg i lag og veksla om dette.

Osnes hadde buskapen i Årdalen, mellom Skeidshornet og Breifjellet.

Sæterdrift på Hareidlandet

Gardane rundt Ulsteinvik har truleg hatt sommarbeite fremst i Holvekerdalen

Saunes – Nord- aust for Notten og Nattasætra

Strandabøen – Nattasætra (nedlagt bruk)

Botnen og Garshol hadde sel på Fjelle i Honnhola, der dei hadde kjøpt eit bruk.


Hasund – Hasundstøylene

Indre- og ytre Dimna hadde sommarbeite ved Hovdenakken på Hareid. Eigen utmark var for skral.

Sæterdrift på Hareidlandet

Bruket Dimnastøylen har truleg ein gong vore ein felles samlingsstad for buskap og melking av kyr

Eiksund - Eiksundsætra



Sæterdrift på Hareidlandet

Hareid kommune

Fleire gardar i Liavågen hadde i gamle dagar, kanskje heilt frå 1600-talet, beiteavtaler og dreiv seterbruk på Brandalsfjella. Det var Pilskog, Liavåg, Hjørungnes og Korshamn.

Brandal - sætra ytre dalen

Håbakkselet

Grimstadsætra

Bjåstadsætra

Sæterdrift på Hareidlandet



Håbakkselet. Erling Hovlid og Einar Jacobsen

Sæterdrift på Hareidlandet


Bigsetsætra

Risesætra

Hammarstøylen



Sæterdrift på Hareidlandet



Sæterdrift på Hareidlandet

Aberdeen Angus
Abigar
Abondance
Adamawafe
Afrikanerfe
Ageroles
Alataufe
Albanisk fe
Albéres
Alentejana
Algarvia
American white park
Amerifax
Amrit mahal
Anatolisk svart fe
Andalusisk grått fe
Andalusisk svart fe
Angler
Ankole
Ansbach Triesdorfer
Argentinsk criollo
Armoricaife
Arouquesa
Asturiana de los valles
Aubracfe
Aulie Ata-fe
Aure-et-saint-girons
Australsk Braford
Australsk Lowline
Avileña
Ayrshirfe
Azawakfe

Baggarafe
Ballum
Barossa
Barzona
Bazadaise
Beef Shorthorn
Beefalo
Beefmaster
Béarnaisefe
Belgisk blå
Belgisk rødt fe
Belmont red
Belted Galloway
Berrenda
Bestuzhevfe
Betizu
Black baldy
Blanca cacereña
Blarkoop
Bleue du Nord
Blonde d'Aquitaine
Blue grey
Bonsmara
Bordelaise
Bohuskulla
Boranfe
Braford
Brahmanfe
Brangus
Braunvieh
Brava
Bretonne pie noir
British white
Brown Swiss

Buelingo
Burlina
Bushafe
Bushuyevfe
Butana- og Kenanafe
Camarguekveg
Canchimfe
Charolais
Chianina
Chillinghamfe
Corrientefe
Dansk korthorn
Dansk jersey
Dansk svart og hvitt fe
Deutsche Schwarzbunte alter
Zuchtrichtung
Dexterfe
Dølafe
Ennstaler Bergschecken
Estisk holstein
Estisk landrase
Estisk punane
Evolener
Finsk ayrshire
Gallowayfe
Gelbvieh
Georgisk fjellfe
Girfe
Herefordkveg
Herens

Islandsk ku
Jerseyfe
Jysk kvæg
Karpatisk brunt fe
Kaukasisk brunt fe
Kinesisk gult fe
Latvisk blå
Latvisk brun
Latvisk dansk rød
Limousin (storferase)
Litauisk hvitrygg
Litauisk lys grå
Litauisk rød
Litauisk svart og hvit
Lyngdalsfe
Målselvfe
Nordfinsk storferase
Norsk rødt fe
Polsk svart og hvit
Ringamålako
Rød dansk malkerase
Schwarzbuntes Milchrind
Sidet trønder- og nordlandsfe
Simmentaler
Sortbroget Dansk Malkekvæg
Spansk kampkveg
Svensk fjällras
Svensk låglandsboskap
Svensk rød och vit boskap
Svensk rödkulla

Svensk rödkulla
Telemarksfe
Tiroler Grauvieh
Tysk angus
Vestfinsk storferase
Vestlandsk fjordfe
Vestlandsk raudkolle
Väneko
Økvæg
Østfinsk storferase
Østlandsk rødkolle



Sæterdrift på Hareidlandet



**Vestlandsk
Raudkolle**

Typisk 350 kg

Sæterdrift på Hareidlandet



**Vestlandsk
Raudkolle**

Sæterdrift på Hareidlandet



**Norsk Rødt Fe –
NRF**

Typisk 450 kg

Sæterdrift på Hareidlandet



**Norsk Rødt Fe -
NRF**

Sæterdrift på Hareidlandet

Dei eldre ku- rasane er tekne vare på og frå ei gransking i 2008 veit vi at dei kunne produsere opp mot 4 000 liter mjølk pr år. Samanlikna med dei nyare rasane som kan mjølke opp til 10 000 liter i året (snitt 6 000).

Ei ku produserer mjølk om lag 10 mnd i året eller vel 300 dagar.

Kva produserte då ei slik ku i tida frå 1920 til 1940:

Vi veit at dei som hadde mest mjølk frå Risesætra, bar ned 20 – 25 liter kvar dag. Dersom dette var frå 5 kyr, vert det 4 – 5 liter pr ku. Det kunne godt vere at i alle fall minst ei ku, kanskje fleire, var i ein periode då den ikkje mjølka eller mjølka lite. Seier vi 4,5 liter pr ku i 300 dagar får vi ein årsproduksjon på om lag 1 300 liter eller om lag 1 300 kg.

Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift i Hareid - Risesætra

Vi kjenner til at på Gard nr 52 Bigset slo bruk nr 6, 7, 8, 9 og 11 seg saman og bygde seter på Bigset- fjella, innafor Dalsmunnen. Den vart teken i bruk i 1917 og kalla "Insteselet". Seinare i 1920 kom bnr 1 og 2 opp med seter utanfor Dalsmunnen, fremst i Djupedalen, ved Sandmyrane. Til slutt kom bnr 3 med sel i same området. Sæterdrifta i Bigset tok slutt i 1948 etter ei gradvis nedtrapping.

Det er grunn til å tru at Risesætra kom til om lag samstundes, kanskje noko etter 1920, men det kan også ha vore seinare.

Fleire gardar og bruk i Hareids- dalen hadde gjort det same, som Bjåstad og Grimstad. Det var såleis folksamt på fjellet sommarkveldane og nettene i dette tidsromet.

Siste året med mjølking på Risesætra var 1947.

Som ein ser, var denne typen stølsdrift i Hareids- dalen og på Risesætra, noko ein ikkje heldt på med lenger enn vel 25 år. Kor lenge før dette igjen ein hadde halde på med sommarbeite på fjellet, veit vi ikkje. Truleg har ein halde på med dette så lenge som det har vore gardsdrift i området.

Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise

Selet

Desse bruka under gard nr 53 Nedre Rise nytta Risesætra:

Bruk nr. 1 Pe- garden

Bruk nr. 3 og 4 Myra (Oppe i Myra)

Bruk nr. 5 Nessegarden (Fjellegarden)

Bruk nr. 6 Lundheim (Haugen)

Bruk nr. 7 Myrane (Ned på Myrane)

Bruk nr. 8 Pettergarden

Bruk nr. 9 Korshaug hadde ikkje eige fjøsplass men var med på bruk nr. 8, Pettergarden, sin del. Korshaugen hadde truleg ikkje mjølkekyr på fjellet dei fryrste åra. Seinare fekk bruk nr. 9 Korshaug ta over plassen til bruk nr. 5 Nessegarden (Fjellegarden) då dei slutta å mjølke på fjellet. Dette var mest sannsynleg i sesongen 1944.

Bruk nr. 2 Løvoll (Rasmusgarden) hadde sel og fjøs for seg sjølv eit godt stykke lenger nede.

Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise

Bruk nr. 1 Pe- garden



Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise

Bruk nr. 3 og 4 Myra (Opp i Myra)



Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise

Risesætra ligg i Hareid kommune og tilhører nokre av bruka på gard nr 53 Nedre Rise. Det er den stølen som ligg fremst framme i Hareidsdalen.

Stølen ligg i skrånande terreng i sørhellinga nedanfor Bjørnenakken (487m). Stølsbygningane ligg på om lag 406m medan fjøset står noko høgare oppe, på 415m.

I luftline er det om lag 1,7 km frå hovudvegen som går gjennom Rise i Hareidsdalen til Risesætra. Høgdeskilnaden frå same stad er på 340m.



Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise

Talet på kyr frå dei ulike bruka

Det var ulikt frå bruk til bruk kor mange kyr dei hadde på fjellet. Det kunne variere frå år til år og somme bruk hadde ei ku som dei ikkje sende til fjells. I tillegg til mjølke- kyrne, var det ofte med ei eller fleire kviger som gjekk lause på fjellet og ettersom dei ikkje skulle mjølkast, gjerne kom langt vekk frå resten av buskapen.

Typisk kunne talet på mjølke- kyr frå dei ulike bruka vere:

1 - Pe- garden	5 til 6 (var truleg den som hadde flest)
3 og 4 - Myra	5 til 6
5 - Nesse garden (Fjellegarden)	2 til 3
6 - Lundheim (Haugen)	2 til 3
7 - Myrane	3 til 4
8 - Petter garden	5 på det meste
9 - Korshaug	3

Totalt mellom 25 og 30

Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise
Selet



Frå venstre:

Karen Korshaug Bigset,
Ellen Fjelle, Petra
Røyset Karlsson, ukjend
mann, Hagny Fjelle,
ukjend dame.

Dersom utselet blei
øydelaqt før 1946, må
dette vere 1945 eller
tidlegare.

Fotografi utlånt av
Harry Fjelle.

Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise

Selet

Sjølve selet, der dei sov om natta, var avlangt i aust- vestleg retning og stod litt nedanfor og aust for fjøset. Det var av tre, i bindingsverk, og stod på ein ringmur av naturstein. Selet hadde saltak tekt med tjøre- papp. Det var kalla "Kveldro".

Selet hadde to rom. Det var sjølve selet, mot vest. Mot aust var det påbydt eit bislag eller utesel, som det vart kalla. Dette var som eit lager, der ein hadde hylkjene når dei ikkje var i bruk, sil og silklede, støvlar, regnklede, reiskap og liknande. Inngangsdøra var i uteselet, heilt i enden på fremste langveggen. Inne i uteselet var det ei ny dør inn til selet.

I selet var det etasje- sengar, tre i høgda og to i lengda. Køyene var på langveggen i bak- kant. Av anna møblar kan nemnast spisebord og benkar.

Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise



Fjøset med
Korshaughytta

Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise

Det var vanleg å flytte dyra til fjells rundt Jonsok (24. juni) eller Syftesok (2. juli). Det kunne vere litt tilfeldig om alle bruka tok opp dyra samstundes eller ikkje. I Dagbok frå 1944 er fyrste notat datert 04.06.1944 som etter dette synes uvanleg tidleg. Det er nemnt i dagboka at det var uvanleg varmt.

Vanlegvis tok ein dyra ned frå fjellet igjen i midten av august. For 1945 ser vi i ei av dagbøkene at 10. august var siste kvelden på sætra.

Mjølkarane

På sætra låg det til saman seks personar, ein frå kvart bruk. Det var både jenter og gutar.

Det kunne vere ei teneste- taus, ein dreng eller eit av dei yngste borna på garden, gjerne i konfirmasjonsalderen, som hadde dette arbeidet. Når borna blei eldre, måtte dei ta seg anna arbeid, anten på garden eller andre stader.

På nokre bruk var der gjerne og ein eller fleire ugifte, vaksne kvinner og / eller menn, som i periodar arbeide på bruket og mjølka på sætra.

Dei yngste mjølkarane var heilt nede i 11 – 12 år gamle medan dei eldste kunne vere godt vaksne.

Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise

Arbeidsdagen starta på fjellet, tidleg om morgonen, om lag kl 6. Dyra stod då på bås i fjøset, der hadde dei vore sidan dei vart henta inn og mjølka kvelden før.

Mjølkinga var sjølvsgt for hand og ein mjølka opp i ei sink- bømte. Deretter var det å sile mjølka gjennom eit klede. Kledet vart vaska og tørka mellom kvar siling.

Mjølka sette ein så på kjøling i brønnen. Frå før stod mjølka frå kvelden før der, og ein kunne ikkje slå den varme, ferske mjølka frå morgonen saman med den kalde frå kvelden før, då ville den kunne surne lettare . Medan den siste mjølka så stod til kjøling, kunne ein ta seg noko mat.

Deretter var det å slå saman mjølka i hylkjet og bere den ned i dalen. Var hylkjet fullt, var det om lag 20 liter. I tillegg kunne det, dersom ein hadde så mange som 5 - 6 kyr, vere ei spann på 2 – 3 liter. Hylkjet bar ein på ryggen, spanna i handa. Det var tungt arbeid. Ein liter mjølk veg ørlite over 1 kg, så 20 liter mjølk er om lag 20 kg. Vekta på hylkjet kjem i tillegg.

Sæterdrift på Hareidlandet



Døme på Hylkje. Dette er av kopar, men liknar på fasongen på dei sink- hylkja som var brukt på Risesætra.



Vanleg mjølkespann, spannene fekk påført eit nummer som identifiserte gardsbruket

Sæterdrift på Hareidlandet



på veg heim: Marie Dahle, frå Sørngarden på Grimstad, hadde fleire bilete frå ungdomstida si på Hareid, mellom andre dette som viser mjølkjarane på veg heim, kanskje i 1915 – 16? Frå v: Kanskje Gunvor Johannesdotter Grimstad?, Ingrid Grimstad Grønevet (1906), ukjend, Astrid Grimstad Holm (1905), Marie Grimstad Dahle (1897), ukjend og ukjend. (Cecilie Dahle Torbjørnson eig biletet)

Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise

Dei gjekk ofte i lag ned frå fjellet og var ein heldig, fekk ein hjelp av ein annan som var sterkare eller hadde mindre å bere.

Mjølka måtte vere komen ned i dalen før mjølkeruta kom. Vel komen ned i dalen og til gards, var det å fylle mjølka over på mjølkespanna som den skulle verte frakta vidare i. Mjølka vart frakta til meieriet i Ålesund med lastebil til Hareid og deretter båt. Seinare med varerute (mjølkerute) heile vegen til Ålesund, med ferje frå Hareid.

Vel nede i dalen med mjølka levert, var det å arbeide på bruket, gjerne etter å fyrst å ha fått seg litt mat. Klokka 12 var det middag med tilhøyrande middagskvild fram til klokka 13:30. Deretter fortsette arbeidet på garden. Klokka 17 var det nonsmat og i 18- tida byrja ein å tenkje på å gå til fjells igjen. Dei fleste gjekk oppover saman og kom til sætra rundt klokka 19.

Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise

Når dei kom fram til sætra, stod som oftast kyrne å venta på dei for å bli mjølka. Det var ikkje så ofte at ein måtte leite etter dei, men det kunne hende om det var dårleg ver eller skodde.

Søndagane var det ikkje innsamling av mjølk til meieriet, mjølka vart likevel frakta ned i dalen, men ein trong ikkje vere så tidleg med fraktinga til gards. Mjølka vart sett på kjøling og sendt til meieriet på måndag.

I helga, laurdag til søndag, kunne det hende at nokon annan tok fjellturen og mjølkinga, slik at den som hadde dette arbeidet til vanleg, fekk litt fri.

Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise

Vegen til fjells

Det var ingen veg. Den såkalla Rasmusvegen, frå tunet på bruk nr. 2 Løvoll (Rasmusgarden) og mest opp til tregrensa, vart bygt av Rasmus (Pederson) Rise (14.04.1873 – 29.05.1962) på 50- og 60 talet. Då var stølsdrifta eit avslutta kapittel.

Det gjekk fleire stigar frå dalen og opp. Nede ved riksvegen var det ei geil mellom bruk nr. 2 Løvoll (Rasmusgarden) og bruk nr. 5 Nesse garden (Fjellegarden).

Det er bratt frå dalen og opp til "Linja" (tregrensa) og vegen går nesten rett opp, utan nemneverdige slakke parti. Stigninga er i snitt på nesten 20 %. Det vil seie at ein for kvar 100 m framover går 20 m oppover. (Til samanlikning så er den undersjøiske delen av Eiksund- sambandet 9,6 % på det brattaste.) Etter "Linja" flatar det litt ut og råsa går heller ikkje rett opp, den tek ein boge mot vest. Den fyrste delen av råsa ovanfor "Linja", kanskje så mykje som halvparten eller meir, går i myrlendt terreng. Og er som oftast våt og tung å gå i.

Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise

Matstell

Dei som var på sætra, bodde der frå om kvelden til neste morgon. Dei fekk dei fleste måltida om dagen medan dei var nede i bygda heime på bruket der bodde eller var i teneste. Om kvelden hadde dei med seg niste som dei bar opp i det tome hylkjet. Denne nista var til kveldsmat same dag, etter mjølkinga, og til frukost neste morgon.

Såleis var det ikkje trong om noko matstell på sætra og der var heller ikkje noko særleg av husgeråd, koppar og kar. Kvar hadde sitt, ikkje stort meir enn ein kopp.

Dei kunne koke seg kaffi på omnen og mjølk hadde dei rikeleg av.

Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise

Anna stell og arbeid på sætra

Gjere reint i fjøset måtte ein gjere kvar dag. Det var ikkje gjødsel- kjellar under fjøset, så alt som dyra let etter seg, måtte ut gjennom dørene.

Dyra fekk ikkje mat eller drikke den tida dei stod i fjøsen. Det var ikkje uvanleg å ha med seg litt tørka fiskeryggar – som ein banka sund – eller tørrsild til dyra. Den tida sitt kraftfor.

Det var kvar sin gong å gå opp tidlegare enn dei andre på laurdagane for å vaske i selet

Til personleg reinhald hadde ein eit vaskefat eller kanskje var det ei bøtte. Det var ikkje laga til do nokon stad, til slikt måtte ein nytte fjøset eller naturen.

Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise

Aktivitet eller

Mange av dei som hadde dette arbeidet på sætra, var unge menneske og andre ungdomar kunne nok kome på vitjing til tider. Det hende seg og at ein tok på tur for å vitje Bigset- sela og det hende seg at dei som var der, kom ein tur til Risesætra.

Ein stad ved Lisje- vatnet (Brennesetervatnet) i Ulstein, var det eit sel med mange fine jenter og det hende seg at nokre av gutane på Risesætra la i veg dit, vert det fortalt.

Det kunne vere fising i Mosvatnet eller at ein berre gjekk seg ein tur på Bjørnenakken eller Mosvarden i fineveret, men ofte var dei nok for slitne etter ein lang arbeidsdag, til slike aktivitetar.



Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise



Ved selet på Risesætra. Årstal ?? (Fotografi utlånt av Karen Korshaug Bigset). Frå venstre trur vi at vi ser: nn, Solvor Rise (Bjørge), nn, nn, nn, Nelly (Ulstein) Rise, Leif Rise, Karen Korshaug Bigset.

Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise



Ved selet på Risesætra. Årstal ?? (Fotografi utlånt av Olaug Rise Aarseth). Frå venstre: Inga Rise, Haldis Rise, Ole A. Riise, Olaug Rise (Aarseth) og Erna Korshaug (Skeide).

Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise

Ved selet på Risesætra. Årstal tidleg 40 talet. (Fotografi utlånt av Olaug Rise Aarseth). Frå venstre: Lidvar Rise, Sverre A. Riise, Petter Korshaug Bigset, Inga Rise, Liv Rise, Hagny Fjelle (Tverdal) og Hilda Rise.



Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise



2014

Sæterdrift på Hareidlandet

Stølsdrift på Rise



2014



Sæterdrift på Hareidlandet

I fyrste halvdel av 1950 var mest all stølsdrift på Hareidlandet avslutta. Fjellbeitet hadde lav fôr- verdi og etter kvart gjorde nye metodar det ulønsamt.

Dette var mellom anna:

- Kraftfor
- Kunstgjødsel
- Silo
- Mekanisering